

## MØTEBOK – 03.09.2009 - FORMANNSKAPET

Møtestad: <b>FORMANNSKAPSSALEN</b>	Motedato: <b>03.09.09</b>	Frå kl.: <b>0830</b>	Til kl.: <b>12.00</b>
Møteleiar:	<b>Ordførar Olav Lunden</b>		
Møteinnkalling: (kunnngjering):	<b>Sendt medlemmar og varamedlemmar 28.08.09</b>		
Representantar som er borte:			
Vararepresentantar som er til stades:			
Til stades:	<b>I alt: 5</b>	<b>Av desse vararepresentant</b>	
	<b>Merknader:</b>		
Andre frammøtte:	<b>Rådmann OddArve Rakstad Nærings-og utviklingssjef Per Holen</b>		
Saker som vart handsama:	<b>Sak nr./år 105/09-109/09</b>		
Merknader til møteboka:			
Vi stadfestar med underskriftene våre at vedtaka er ført i samsvar med det som vart fastsett i møtet:	<b>Olav Lunden(sign) Jarle Andersen(sign) Steinar Fredheim(sign) Birte Fossheim(sign) Astri Taklo(sign)</b>		

# MØTEPROTOKOLL

## Formannskapet

---

Møtestad: **Formannskapssalen**  
Møtedato: **03.09.2009** Tid: **08.30**

---

### SAKLISTE:

<b>Sak nr.</b>	<b>Arkivsak nr.</b>	<b>Tittel</b>
105/09	09/305	<b>Reguleringsendring for Nybø bustadområde - utlegging</b>
106/09	09/423	<b>Klage på vedtak - bustad/garasje - K-B.Hov/R.Sanden</b>
107/09	09/109	<b>Bruksendring frå forretning/lager til to bustadeiningar - Bamabygget</b>
108/09	08/282	<b>Utbygging ved Leikanger barneskule</b>
109/09	09/457	<b>Orienteringar</b>

105/09

### **Reguleringsendring for Nybø bustadområde - utlegging**

**VEDTAKET lyder slik, samr.:**

**I samsvar med §12–10 og 11 i Plan- og bygningslova vert private framlegg til reguleringsendring av 14.08.09 for Nybø bustadområde sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn.**

106/09

### **Klage på vedtak - bustad/garasje - K-B.Hov/R.Sanden**

**VEDTAKET lyder slik, samr.:**

**Formannskapet finn ikkje at dei to klagene inneheld nye moment i saka. Formannskapet held såleis fast på tidlegare vedtak i saka.**

107/09

### **Bruksendring frå forretning/lager til to bustadeiningar - Bamabygget**

**VEDTAKET lyder slik, samr.:**

**Leikanger kommune gir løyve til bruksendring frå kontor til bustad for bygging av to husvære mot vest i 1.høgda. Det er eit vilkår for bruksendringa for dei to husværa at uteområdet samstundes vert opparbeidd med leikeområde og parkering for bustadene i tråd med situasjonsplanen. Uteområdet for attverande forretning skal avskjermast mot bustad- og leikearealet.**

108/09

### **Utbygging ved Leikanger barneskule**

**VEDTAKET lyder slik, samr.:**

- 1. Prosjektet vert sett i gang i samsvar med motteke tilbod frå Ing. Arvid Thuland AS.**
- 2. Ny finansieringsplan med bruk av mva-kompensasjon, spelemidlar og lånemidlar vert vedteken.**
- 3. Budsjettet vert auka med kr.1.193.000,- inkl. mva - finansiert med bruk av mva-kompensasjon og spelemidlar.**

109/09

## Orienteringar

### TEMA

1. Sentrums plassgrupper – status og vidare framdrift, orientering ved Steinar Fredheim frå sentrumsgruppa. Økonomioppstillinga i sentrumsprosjektet syner at kr.688.199,- står att til disposisjon. Formannskapet sine konklusjonar: Sentrumsgruppa avsluttar prosjekteringsarbeidet utan å lysa arbeidet ut på tilbod. Vegvesenet sin plan for veglyset vert gjennomført. Rådmannen syter for at attståande areal vert opprydda. Krysset gamle Riverdalsvegen/rv.55 vert stengt.
2. O/U-prosjektet 2009 – 2011, status ved rådmann
3. Hatlebakkane 2 (Gml sjukeheimen), orientering ved rådmann
4. Tinghus I – personalsituasjonen, orientering ved rådmann
5. Område for paintball – orientering ved nærings- og utviklingssjef
6. Plan for nyetablering i Njøsavegen, orientering ved Per Steinar Melås. Det vert lagt opp til arkeologiske granskingar på tomte. Kommunen vil vurdere medverknad for nabotomte, avsett til barnehage.
7. S-info informasjonsavis: Næring og Nyskaping i Sogn og Fjordane, temaavis om Leikanger. Formannskap vil delta med annonse. Det vert lagt fram sak om finansiering.
8. Stortingsvalet 14.september, deltaking frå valstyret.
9. Reguleringsplan for Riverdalen, bustadeigedommen gnr.24 bnr.84, orientering ved rådmann og ordførar
10. Framdrift - ferdigstilling av Leikangerhallen, orientering ved rådmann.